



Fjellklatrarane i Ulvanoso i dag. F.v: Annbjørg Kolaas (Oslo), Sturla Sandvei (Melhus), Sebastian Menze (Tyskland/ Bergen), Ingrid Rui (Hamar), instruktør Lars Mjaavatn (Trondheim)

Uskedalen er ei god bygd å koma til. Fjellklatrane lovprisar plassen, grunneigar og naboane øvst i Uskedalen, Alle er positive og nokre vil hjelpa om det er noko ein treng. I dag fekk gruppa mellom anna ein sekk ved i campen frå ein som bur på Haugland. Uskedalen har eit godt omdøme innan klatrarmiljøet. Gode opplevingar vert delt på nettet og straks når du fleire tusen med viktig informasjon om Uskedalen.

Uskedalen.no gjesta basen og campen ved Fjellandsvatnet no i kveld. Gapahugen er samlingsplassen med matlaging og sosialt samvær. Instruktør, Lars Mjaavatn, fortel at alt har gått etter oppsett plan. Område og fjellet er framifrå både for dei som er nye og for dei meir vidarekomne.

Dag 1 gjekk med til innføring på bakken, - sikring, bruk av utstyr og taulagsrutinar.

Alt neste dag var ein på langtur i Vetletindpillaren. Med instruktøren fremst og kursdeltakane bak vart det brukt minst 10 taulengder.

I dag har det vore såkalla føringstur i Vetletind. Resten av kurset vil innehalda meir krevjande klatring med rapellering.

Same kurset har før veksla litt med Eikedalen. Eikedalen eignar seg fint for nybyrjarar, men her må ein bera mat og alt utstyr fram til campen. På Fjellandsbø er det høve å køyra og parkera ved teltleiren.

Den eine deltakaren kjem frå Schwerin i Tyskland. Han er doktorgradsstudent i Bergen. Ei ulukke som barn førte til at han måtte amputera ein foten frå kneet og ned. Ei spesiallaga protese er til god hjelp. I dag er han ein habil fjellklatrar.

Kursdeltakarane var ukjende for kvarande før dei kom til Uskedalen. Det sosiale samværet er difor viktig.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

